

STATSSPRÅK

BLADET FOR GODT SPRÅK I STATEN UTGITT AV SPRÅKRÅDET NR. 3 – 2016



Kleven Verft ved Ulsteinvik
Foto: Kay-Åge Fugledal

Møre og Romsdal fylkeskommune har ein lang nynorsktradisjon, samtidig som målforma er viktig for mange institusjonar og menneske i fylket.

FYLKESRÅDMANN OTTAR BRAGE GUTTELVIK

Språk på saklista i vest

I fleire fylkeskommunar står språk på dagsordenen. Fylkestinget i Møre og Romsdal held på nynorsk som administrasjonsspråk og skal leggje meir vekt på språkarbeid i kjølvatnet av fylkestingsdebatten. Raudt Hordaland vil styrkje nynorsken i fylket og har god tru på å få fylkespolitikarane med på laget.

AV **ASTRID MARIE GROV**

Medan staten er bunden av faste reglar for fordelinga av bokmål og nynorsk, avgjer kommunar og fylkeskommunar sjølve kva språkreglar som skal gjelde for dei. Tidlegare i år gjorde ein av fylkestingspolitikarane i Møre og Romsdal framlegg om å gå over frå nynorsk admi-

nistrasjonsspråk til nøytralt. Framlegget vart grunngeve med at mange av dei tilsette i fylkeskommunen har bokmålsbakgrunn, og derfor ville arbeidet bli meir effektivt om språkvedtaket vart gjort om.

Lang tradisjon

Etter ei jamn avrøysting i fylkestinget gjekk fylkeskommunen i vår inn for å halde

på nynorsk, i tråd med innstillinga frå fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik. Han seier tradisjonen vart avgjerande.

– For meg er det historiske argumentet svært viktig. Møre og Romsdal fylkeskommune har ein lang nynorsktradisjon, samtidig som målforma er viktig for mange institusjonar og menneske i fylket. Eg meiner det skal sterke grunnar til for å ►

Klarspråk inn i jussutdanningen

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) og Universitetet i Oslo har inngått en avtale om et tiårig samarbeidsprosjekt. Samarbeidet går ut på å integrere klarspråk i juridisk forskning og utdanning. KMD bevilger 30 millioner kroner over ti år, og pengene skal blant annet brukes til en professorstilling og tre

stipendiatstillinger ved Det juridiske fakultet. Prosjektet åpner for et tverrfaglig samarbeid med det språkvitenskapelige miljøet ved Universitetet i Oslo.

– Dette er gode nyheter! Et klart juridisk språk vil gjøre livet enklere for alle saksbehandlere som skal kommunisere med folk flest, sier direktør Åse Wetås i Språkrådet.

► bryte med ein lang tradisjon, og for meg var ikkje grunnane i dette tilfellet sterke nok. Eg trur nok òg at nynorsken med tida hadde blitt svekt i fylket dersom administrasjonsspråket hadde blitt nøytralt.

Guttelvik er nøgd med debatten i fylkestinget og gjev honnør til representantane.

– Det var ein god og sakleg debatt med stort engasjement. For dei som ønskte å gå over til nøytralt administrasjonsspråk, stod fridomen til dei fylkeskommunalt tilsette sentralt. For motparten var omsynet til historia og tradisjonen som nynorskfylke ein samnemnar, altså dei same faktorane som til slutt vart avgjerande i innstillinga mi.

Fylkesrådmannen seier samtidig at han forstår argumenta til dei som ønskte eit språkskifte.

– Det er sjølv sagt rett at det inneber ein kostnad for fylkeskommunen vår å ha nynorsk som administrasjonsspråk. Mange tilsette med bokmålsbakgrunn synest det er vanskeleg å skrive nynorsk, så det krev både tid og ressursar av oss. Men etter ei totalvurdering kom eg altså til at andre argument vog tyngre. Fylkeskommunen er ein sentral kulturpolitisk aktør. Å gå inn for nynorsk var for meg å imøtekomme dei innbyggjarane i Møre og Romsdal som nynorsken er viktig for. Det har kome få reaksjonar i ettertid, så eg trur folk flest har eit temmeleg avslappa forhold til resultatet.

Kva vil fylkeskommunen no gjere for å ta ønsket om ein enklare språkleg kvardag på alvor?

– Vi arrangerer allereie jamlege nynorsk kurs, så eg meiner vi har eit ganske godt tilbod for å hjelpe dei tilsette med å skrive nynorsk. Som eit resultat av debatten kjem vi òg til å drive meir med generelt språkarbeid for å betre tekstane våre, og informasjonsavdelinga vår er allereie i gang med ei satsing på klarspråk.

Nynorsk vind i Hordaland

Hordaland fylkeskommune er ein av to andre fylkeskommunar som har vedteke nynorsk som administrasjonsspråk. Akkurat

som i Møre og Romsdal brukar mange av innbyggjarane i fylket bokmål. Terje Kollbotn, fylkestingspolitikar for Raudt, fortel at han likevel ikkje har registrert nokon debatt om administrasjonsspråket i fylkeskommunen.

– Dette har ikkje vore noko tema hjå oss. Tvert om oppfatar eg at det er stor interesse for å styrkje stillinga til nynorsken blant fylkespolitikarane.

Kollbotn peikar på den varsla endringa av fylkesstrukturen som ein faktor som har skapt vind i nynorsksegla hjå politikarane i Hordaland.

– Dersom fylkeskommunane skulle forsvinne, slik regjeringa ønskjer, og ein eigen vestlandsregion blir etablert, må vi utnytte dei faktorane som gjer at vi skil oss ut. Og nynorsken er utvilsamt noko som særpregar Vestlandet. Samtidig er han under press på fleire område i fylket vårt, særleg som opplæringsmål i skulen. Eg oppfatar difor at politikarar frå fleire parti og med ulik språkbakgrunn ser behovet for å løfte fram nynorsken akkurat no.

Føre var

Fylkestingspolitikaren kjem til å fremje eit framlegg i fylkestinget i haust der han ber fylkesrådmannen utarbeide ein handlingsplan for å styrkje nynorsken på fleire arenaer i Hordaland. Han har god tru på å få fleirtal.

– Framlegget gjeld ikkje berre skulen, men òg næringslivet og forvaltninga. Etter mitt syn er dei utfordringane som har kome opp i Møre og Romsdal, nettopp eit argument for å styrkje posisjonen til nynorsken i fylket vårt. Dersom vi ikkje tek nokre grep no, er det ikkje utenkjeleg at den same debatten kjem opp her i Hordaland. Ved å styrkje nynorsk som målform bidreg vi jo til at framtidige tilsette i fylkeskommunen er i stand til å skrive både nynorsk og bokmål. Og dersom vi skal løfte nynorsken, er det viktig at institusjonar og organisasjonar går føre som gode eksempel, blant dei Hordaland fylkeskommune, meiner Terje Kollbotn.

Hvem eier språket?

Er det mulig å få eiendomsrett til ord og uttrykk i språket? Hva skal til for at et ord kan bli et varemerke, og kan et varemerke bli til et allmennord? Hvilken status har ord som potetgull, vippse og google i norsk? Det er noen av spørsmåla som tas opp til debatt på Språkdagen 16. november. Språkrådet inviterer alle som interesserer seg for språkbruk og språkrøkt, til Oslo Konserthus denne dagen. Informasjon om program og påmelding finner du på Språkrådets nettsider.

Målform i skriv til kommuner og fylkeskommuner

Når du som statstilsatt skal skrive til en kommune, må du følge kommunens målvedtak. En kommune velger selv om den skal være nynorsk kommune, bokmålskommune, eller språklig nøytral i sitt forhold til staten. Har kommunen valgt nynorsk, må du bruke nynorsk når du skriver til kommunen. Tilsvarende må du bruke bokmål om kommunen har valgt bokmål. Er kommunen språklig nøytral, kan du velge målform. De samme reglene gjelder for fylkeskommuner.

På www.lovdatab.no finner du oversikt over alle kommunenes og fylkeskommunenes målvedtak, under navnet *forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*.

Blås liv i vårpraten

Når du snakkar om haustvêr og -vind med kollegaen, naboen eller vêrgudane, er det vanskeleg å vere like nyansert og variert som vêret. Men du kan blåse nytt liv i ordtilfanget og samtalen med meteorologiske fagomgrep frå MetLex, nettleksikonet til Meteorologisk institutt. Ta omsyn til at omgrepa her gjerne er litt trongare enn i kvardagsmålet, når du belærer samtalepartnaren om at

- regn er vassdropar med diameter større enn 0,5 mm, medan mindre dropar er yr
- snøfokk er rykande snø som vinden har kvervla opp frå bakken, medan fokksnø er samanfokken snø som ligg i le
- nord- og vestlendingane har, som vikingane, brukt omgrep som utsør og utnord om vind frå havet inn mot kysten, altså frå sørvest og nordvest
- skodde/tåke er små svivande vassdropar eller iskrystallar som reduserer sikta over bakken til under 1 km

Vi vil også nytte dette høvet til å gratulere Meteorologisk institutt med 150-årsjubileet!

Aksenttegn i norsk

Aksenttegn er et tegn som står over en vokal blant annet for å vise trykk eller for å skille ord fra hverandre. I norsk er det ikke obligatorisk å bruke aksenttegn. Unntaket er visse egnennavn.

AKUTT AKSENT

Også kalt *accent aigu* og *høyreaksent*. **Tastekombinasjon: Alt Gr + \ og deretter bokstav**

Dette er det vanligste aksenttegnet i norsk. Vi bruker det særlig for å markere at en stavelse har trykk. Akutt aksent er obligatorisk i enkelte personnavn med utenlandsk opphav og i utenlandske geografiske navn: *André, Linné, Bogotá, Andalucía*.

Akutt aksent blir brukt i visse fremmedord som ender på trykksterk e, for å markere hovedtrykk: *allé, diaré, kafé, idé, entré, komité, kupé, moské, trofé, trasé*.

I disse ordene er tegnet ikke obligatorisk. Det er vanlig å la aksenten stå i ubestemt form entall og sløyfe den i de andre bøyingsformene av ordet:

en idé – ideen – ideer – ideene (bokmål)
ein idé – ideen – idear – ideane (nynorsk)

Det kan være grunn til å følge dette mønsteret, for uten aksent kan noen ord forveksles med andre f.eks. *ide* 'strømhvirvel' og *trase* 'fille'. Samtidig er aksenten unødvendig i flertall (*traseer* kan ikke forveksles med *traser*).

Det skal ikke være aksenttegn i imperativformer, for eksempel *kontroller, plasser, signer*.

GRAV AKSENT

Også kalt *gravis, accent grave* og *venstreaksent*. **Tastekombinasjon: Shift + \ og deretter bokstav**

Grav aksent er obligatorisk i visse utenlandske navn: *Genève, Liège, Val-d'Isère*.

Vi kan bruke grav aksent for å skille adverbet *òg* (= også) fra konjunksjonen *og*: *Han òg ville vere med*.

Det vanligste ordet med grav aksent er den franske preposisjonen *à* i visse uttrykk.

Vi kan valgfritt bruke aksenttegnet i slike tilfeller:

à jour (men ikke aksent i sammensetninger: *ajourføre*), *à la carte*, *vis-à-vis*, *2 kg à kr 9,50*.

Det skal ikke være aksenttegn i franske lånord som disse: *ampere, misere, barriere, karriere*.

CIRKUMFLEKS

Også kalt *møne*. *Sirkumfleks* er en alternativ skrivemåte.

Tastekombinasjon: Shift + ^ og deretter bokstav

Cirkumflekstegnet er obligatorisk i enkelte utenlandske navn: *Côte d'Azur, Rhône*.

Tegnet er valgfritt i fremmede ord og vendinger: *entrecôte, crème fraîche, tête-à-tête*.

Vi kan bruke cirkumflekstegnet i noen få norske ord. I begge målformene kan vi bruke tegnet i *fôr* (kåpefôr, dyrefôr), *fôre*, i nynorsk dessuten i *lêr* (skinn) og *vêr*, men tegnet kan sløyfes. Cirkumfleks angir at en lyd har falt bort i ordet. For eksempel kommer *fôr* av eldre *fôðr*. Poenget med å bruke aksent er likevel å skille ord fra hverandre, for eksempel *fór* (= reiste), *fòr* (= plogfure), *for* (= fordi), *for* (= i stedet for) og annet.

Unngå feil



Det er bedre å sløyfe et aksenttegn enn å bruke det feil. Pass på at du ikke

- blander sammen akutt aksent og grav aksent: **Andrè er på kafè*
- plasserer et aksenttegn over feil stavelse: **Boligen må seés*
- blander sammen aksenttegn (som skal stå over bokstaver) og apostrof (som skal stå mellom eller etter bokstaver): **Vi bor i Bygdøy alle'*

Mer detaljert informasjon om bruk av aksenttegn og apostrof finner du på Språkrådets nettsider under **Språkhjelp > Skriveregler > Tegn**.

<http://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriveregler/tegn/Aksentteikn/>
<http://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriveregler/tegn/Apostrof/>

Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



SPRÅKTIPS

FOR BOKFINKER



Studium eller studie?

Høstsemesteret er i gang, og da kan det passe å studere to nesten like ord som ofte blandes sammen.

Et *studium* (*studiet* – *studier* – *studiene*/*studia*) må ikke forveksles med en *studie* (*studien* – *studier* – *studiene*).

Et *studium* er det å studere et emne ved en høyskole eller et universitet: Filologi er et langvarig *studium*. Et *studium* kan også være en undersøkelse: et inngående *studium*.

En *studie* er en vitenskapelig undersøkelse, en mindre avhandling eller et utkast til et maleri.

Både *studium* og *studie* forekommer i faste uttrykk. Hvis noe er et *studium* verdt, er det verdt å undersøke. Hvis det sies om f.eks. en film eller en bok at den er en *studie* i vold, betyr det at volden er svært detaljert skildret.

DIKTET

MÅNEN

Månen ber meg
skrive eit dikt om han,
men eg seier at det
gidd eg verkeleg ikkje,
og han kan først ta og lese
alle dei andre dikta
som er skrivne om månen
så tenkjer eg
han skal få nok å gjere
denne natta iallfall.

Ragnar Hovland

FOR MÅLTROSTAR



Skuldast?

På bokmål bruker vi ofte verbet *skyldes* for å peike på ein årsakssamanheng: «Økningen [i X] skyldes ...»

Mange låner dette uttrykket på nynorsk og skriv *skuldast* eller *skyldast*. Det er ikkje vanskeleg å skjønne kva dei meiner, men på nynorsk nyttar vi helst andre og oftast meir direkte uttrykk som *komme av*, eller vi kan slå oss laus og skrive om setninga litt meir. Her er nokre døme på god omsetjing av bokmålsuttrykket «Økningen skyldes ...»:

X har auka fordi ...

Auken kjem av ...

Grunnen til auken er ...

Skuldast/skyldast kan rett nok brukast i nynorsk, men då berre som passivform (i infinitiv) av verbet *skulde/skyldde* (bokmål *beskyldde*, *anklage*): «Mange kan *skuldast* for å ha vore lettluerte.»

ORDKLEKKING

Tenkte vi det ikke. Opptil flere lettbedte (for ikke å si lettsindige!) lesere tar stadig på seg oppgaver for så å angre bittert når fristen nærmer seg. Mange av dem som velger å være sin egen godhetstyrann, illustrerer de gamle ordtakene *Alltid beredt, titt (re)trekk* og *Å lova rundt og halda tunt er heller vondt*.

Statens legemiddelverk stiller denne diagnosen: Kalenderen rammes av *kalenderovermetning*, og den arme byråkraten lammes av *overmetningspanikk* eller *-depresjon*, avhengig av om overmetningen er akutt eller snikende.

I Helse- og omsorgsdepartementet kalles lidelsen *innhentingskvaler*. Andre steder kommer man i *kalenderklemma*, lever i et *snillhetstrelleri* eller kjenner *snillisme-blåmandag* på kroppen.

SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende folk i stat og presse.

Dette egget er hentet fra en brannrapport skrevet etter en såkalt uønsket alarm:

Hendelse: Nedstøvet brann-detektor grunnet støvsuging.

Vi trodde det var vanligere med «støvsuget grunnet nedstøving».

HUMMER & KANEL

– ord og uttrykk som ofte blandes sammen

Krukker (og esker) med ulikt innhold

Vi hører ofte at «Pandoras krukke» brukes i betydningen «uuttømmelig kilde». Dette er en sammenblanding av to uttrykk med ulik betydning: «Pandoras eske» og «Sareptas krukke».

Metaforen «Sareptas krukke» har bibelsk opphav og brukes i dagligtalen som et bilde på uuttømmelige kilder. I Første kongebok står det om profeten Elia, som bodde hos en enke i landsbyen Sarepta. Det ble aldri tomt i melkrukka og oljekruset til enken.

«Pandoras eske» betyr en gave som bringer ulykke. Opphavet til uttrykket finner vi i gresk mytologi. For å straffe menneskene (dvs. mennene) skapte Zevs den første kvinnen. Hun fikk navnet Pandora (av *pan-* 'all, hel', og gr. *doron* 'gave'). Med seg hadde hun en krukke som ikke måtte åpnes. Da hun likevel åpnet den, fløy alskens ulykker ut i verden, og bare håpet lå igjen på bunnen. Ja, vi skrev *krukke* med vilje. *Esken* bunner visst i en ca. 500 år gammel feiloversettelse. Men det er uansett «Pandoras eske» som er den hevdvunne formuleringen i vår skriftkultur.

Språkrådet

www.språkrådet.no

Redaktør: Torunn Reksten
stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:

bestilling@sprakradet.no
Utforming: Beate Syversen

Trykk: Zoom Grafisk Opplag: 15 000

Redaksjonen avslutta: 8.9.2016
SSN 0805-164X